

Årsmelding for 2016 for Sogn Næring



1) VERKSEMDA SI ART

2) RETTVISANDE OVERSIKT OVER UTVIKLING OG RESULTAT

3) VIDARE DRIFT

4) ARBEIDSMILJØET

5) LIKESTILLING

6) YTRE MILJØ

7) UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR OM AKTIVITET I SELSKAPET

7.1 NETTVERKSBYGGING MELLOM VERKSEMDER I REGIONEN

7.2 KOMPETANSE OM OG KONTAKT MED DET REGIONALE OG STATLEGE NÆRINGSAPPARATET

7.3 RETTLEIING AV ETABLERARAR

7.4 GRÜNDERKONTORET

7.5 KOMMUNALT NÆRINGSFOND

7.6 REKRUTTERINGSAKTIVITETAR

7.7 SOGNEFJORDEN NÆRINGSHAGE

7.8 BYREGIONPROGRAMMET

7.9 TENESTESAL TIL SOGNDAL SKISENTER – HODLEKVE

7) UNDERSKRIFTER

1 Verksemda si art

Sogn Næring AS driv næringsutvikling med Sogndal som primært verkeområde, men skal også ta omsyn til heile regionen sine behov for utvikling av eit sterkt og funksjonelt regionsenter. Selskapet er lokalisert i Sogndal.

2) Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rettvisande oversikt over utvikling og resultat i selskapet.

3) Vidare drift

Mot slutten av 2016 vart det gjort ein jobb mot Sognefjorden Næringshage for å gjere næringshageprogrammet meir tilgjengeleg for verksemdar på nordsida av fjorden. Det er og gjort etablert god dialog mot nabokommunane som truleg resulterer i auka tenestesar og felles funksjonar med dei. Sal av tenester mot næringslivet har ikkje gjeve det resultatet ein såg for seg ved etablering av selskapet. Vi ser no på om andre samarbeidsmodellar er meir relevante, og vi håpar å få gode samarbeidsstrukturar på plass i løpet av 2017. Byregionprogrammet er finansiert med ei halv stilling også første halvdel av 2017. Det er ei målsetjing for oss og kommunane i byregionprogrammet å sikre finansiering for å arbeide vidare med samfunnsutvikling gjennom idear frå byregionprogrammet. Trass dårleg resultat i 2016 meiner styret at det no ligg godt til rette for vidare drift i selskapet, og at utsiktene for å kunne ha sunn drift i 2017.

4) Arbeidsmiljøet

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. I perioden 1.januar 2016 - 31.12.2016 er det ikkje meldt om ulukker eller skader. Der er meldt 5 dagar sjukefråvær i perioden.

5) Likestilling

Det er to menn og ei kvinne tilsett i Sogn Næring. Styret består av to kvinner og fire menn.

6) Ytre miljø

Verksemda medfører ikkje utslepp eller forureining som kan vere til skade for det ytre miljø (jf. § 8 i Forureiningslova)

7) Utfyllande opplysningar om aktivitet i selskapet

7.1 Nettverksbygging mellom verksemdar i regionen

Både gjennom eigeninitierte samlingar, samlingar i Sognefjorden Næringshage sin regi og samarbeidspartnarar sine arrangement har selskapet bidrege til nettverksbygging i regionen. Det har og vore bedriftsbesøk og store og mindre prosjekt som knyt næringslivet saman, til dømes Outdoor Health Network.

7.2 Kompetanse om og kontakt med det regionale og statlege næringsapparatet

Selskapet skal ha god kontakt med dei andre hjelparane innafor næringsapparatet ved å delta på kurs og kompetansehevingstiltak i regi av fylkeskommunen eller Innovasjon Noreg. Sogn Næring har mellom anna delteke på Tiltaksforum arrangert i Marifjøra, Næringslivsdagane i Loen, og nettverkssamling i Oslo og Tromsø knytt til Byregionprogrammet.

7.3 Rettleiing av etablerarar

Sogn Næring gjev i hovudsak inntil fem timar gratis rettleiing til kvar einskild gründer. I nokre høve vert denne grensa utvida når vi har ekstra tru på gründeren og ser at vår innsats kan vere avgjerande for at denne personen kjem vidare med prosjektet sitt.

Verktøyet vi spesifikt nyttar i møte med ulike gründerar er Business Model Canvas. Vår ekspertise i møte med gründerar er å stille dei rette spørsmåla for å utfordre gründeren til å kartlegge og snakke med potensielle kundar, konkurrentar og samarbeidspartnarar i første fase. Når dette er gjort møtest vi igjen for å diskutere framdrift og gjer øvingar på økonomi kring framtidig inntening. Saman med gründer vert vi samde om vegen vidare.

Etablererrettleiinga tek ein god del ressursar frå basisfinansieringa i selskapet. Det er eit mål at selskapet skal ha god kompetanse på dette fagfeltet. Det er eit mål at potensielle gründerar skal føle seg serleg velkomne til vår region. Det vert jobba aktivt med marknadsføring mot denne gruppa.

Vi har vore i møter med 34 ulike gründerar i 2016.

Sogn Næring har også arrangert fleire kurs for gründerane i år 2016. Dette er ”frå idè til marknad” i regi av Innovasjon Noreg, innhaldsmarknadsføringskurs og kurs i å bruke Business Model Canvas. Alle kursa har god oppslutning med kring 15 personar på kvar samling.

7.4 Gründerkontoret

Ein del av gründerane Sogn Næring er i kontakt med vil gjerne ha kontorplass på gründerkontoret. Det er 7 pultar på gründerkontoret, og Wyssen og SGNskis betalar fast husleige. Dei resterande brukarane i år har hatt ulike løysingar som drop in i periodar, eller vore der i 3 månader.

Kven	Bedrift
Jardar Husum	Monsterglide
Erlend Fagerheim	Eplet
Vegard Aasen	Capture Film
Eivind Tveita	Qualicost
Stian Langeland	Wyssen
Ola AlsterHolm	SGNskis
Marius Fuglestad Eidsheim	T-link Media
Kristian Tiller Torsvik	Teiknar
Kaisu Salminen	Foodtruck Dandy Diner
Viktoria Isern	Ski-sko
Håvard Øyrehagen	Fardal Gard
Bård Basberg	Bård Basberg Foto
Erling Grøstad	SGNskis
Anders Nordeng	Thomson Reuters
Sigrid Henjum	Sogndal Lodge
Sander Buene	Sogndal Lodge
Christian Blom	CBFoto

7.5 Kommunalt næringsfond

I år 2016 er det gjort 18 vedtak i Næringsfondet. Sogndal kommune fekk tildelt kr 649 313 i år, samt kommunen overførte kr 22 453 frå i fjor. Dette utgjør såleis eit overskot på kr 31 800 i kommunalt næringsfond som vert overført til næringsfondet for år 2017.

KNF - 1/16	Knaken v/Knagenhjelm, Chri stoffer – studietur og nettverksbygging	kr 8000
KNF - 2/16	Bremuseet – Arrangement	Kr 10 000
KNF - 3/16	Kaupanger Næringsforeining	Kr 50 000
KNF - 4/16	Ståle Loftesnes – Timbla Nettside	Kr 40 000
KNF - 5/16	Brevasshytta – kurs og nettverksbygging	Kr 10 000
KNF - 6/16	Visit Sognefjorden - Samling av bilete	Kr 25 000
KNF - 7/16	Sogn Næring – Kurs - og andre gründeraktivitetar	Kr 15 000
KNF - 8/16	Bratt moro – Studietur, outdoor nettverk	Kr 30 000
KNF - 9/16	Sogn Næring - Skisentersamling	Kr 40 000
KNF - 10/16	Hodlekve skisenter/Sogn Næring - Trakkemaskin	Kr 100 000
KNF - 11/16	Hotel Mundal	Kr 50 000
KNF - 12/16	Dandy diner: Foodtruck	Kr 5 0 000
KNF - 13/16	SUS: Etablering av næringsssamskipnad i Sogn	Kr 50 000
KNF - 14/16	SUS: Etablering av omsorgs teneste for born	Kr 40 000
KNF - 15/16	Sogn Næring - Sende gründerar på karrieremesser Framtidsfylket	Kr 40 000
KNF - 16/16	Sogn Næring - Drift av gründerkontoret - husleige	Kr 40 000
KNF - 17/16	Visit Sognefjord - Vandrekart Sogndal	Kr 9 500
KNF - 18/16	5 % adm av næringsfondet til Sogn Næring	Kr 32 466
		Kr 639 966

7.6 Rekrutteringsaktivitetar

I 2016 lyste Sogn Næring ut ein sommarsjobb som gründer. Viktoria Isern fekk stillinga og arbeida seks veker i sommar med ein ny skisko ho og teamet hennar skal utvikle. Konseptet bestod i ei løn på kr 30 000, overnatting saman med Difi Camp på folkehøgskulen samt kontorstad på gründerkontoret.

Driftig.no har vidareført idèen og lyser ut ”verdas beste sommarjobb” for sommaren 2017. Personen som vert tilsett vert knytt til det mest relevante gründermiljø i fylket.

Sogn Næring har vore medspelar til Framtidsfylket på karrieremessene. Sogn Næring inviterte gründerar som deltakarar på messene for å marknadsføre gründermiljøet i Sogn for å få fleire potensielle gründerar til å flytte hit.

7.7 Sognefjorden Næringshage

Ny avtale vart signert i desember 2016. Omfanget er på om lag 500 timar per år, og målsetjinga for næringshageprogrammet er auka aktivitet og fleire målbedrifter i nettverket. Det vert jobba strukturert med bygging av nettverksarenaer, felles prosjekt i nettverket og med prosjekt retta spesifikt mot enkeltverksemder.

7.8 Byregionprogrammet

I byregionprogrammet arbeider vi for å medverka til auka folketal i dei tre kommunane Sogndal, Luster og Leikanger. Vi ønskjer å utvikle eit arbeidsliv som gjev attraktive arbeidsplassar. Dette føreset at det offentlege og det private arbeider godt saman. Vi skal vere konkurransedyktige. Vi skal vere ein attraktiv lokaliseringssstad for verksemder. Folk skal ynskje å leve livet sitt her. Programmet har tre hovudmål:

Hovudmål 1: Kommunane skal utnytte tilflyttingspotensialet og næringspotensialet knytt til nye former for friluftsliv og aktivitetsbasert reiseliv.

Hovudmål 2: Kommunane skal bidra til å sikre eksisterande, og leggje til rette for nye, statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar i kommunane.

Hovudmål 3. Kommunane skal kople og utnytte kompetansmiljøa i kommunen til innovasjon og nyskaping.

For kvart av dei tre hovudmåla er det gjennomført ulike aktivitetar og prosjekt for å nå måla. Utdjupa informasjon og status er tilgjengeleg i rapportert til til Kommunal-og moderniseringsdepartementet 15.02.2017. Programmet vert offisielt avslutta hausten 2018. For 2018 har Sogn Næring kr 420 000 i løyving i programmet, som då vert avslutta sommaren 2017.

7.9 Tenestesaal til Sogndal skisenter – Hodlekve

Dagleg leiar har sidan august 2016 vore utleigt til Sogndal Skisenter i 50 % stilling.

7) Underskrifter


Sogndal ~~24~~ 05.2017



Agnar Holen
Styreleiar




Jørgen Christian Lindstrøm
Styremedlem



Laura Kvamme
Styremedlem



Stig Ove Ølmheim
Styremedlem



Stine Lilleo-Olsen
Styremedlem



Yngve Hallen
Styremedlem